



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11900-1

## **Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - Bestilling av overordna analyse**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Bestilling av overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap i samsvar med vedlagte bestillingsdokument vert oversendt SF revisjon IKS.

#### Vedlegg:

- Bestillingsdokument – overordna analyse selskapskontroll

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørende selskapskontroll finn vi i forskrift om kontrollutval kapittel 6. I dette kapittelet finn vi innleiingsvis ein omtale av kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at selskapskontroll vert gjennomført. Kapittelet handlar vidare om plan for selskapskontroll, rapportering og oppfølging av gjennomførde selskapskontroller.

Plan for selskapskontroll skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen sin eigarskap ut frå risiko' og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll i fylkeskommunen.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 13 står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentligheitsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorar og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.*

Det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Andre ledd inneholder krav om overordna analyse. Føremålet med denne analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen sin oppfølging av eigarskapen, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for selskapskontroll. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønsker den overordna analysen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein plan for selskapskontroll som gjeld ut 2016, eller til ny plan er vedteken av fylkestinget.

Ny plan for selskapskontroll skal vere utarbeidd av kontrollutvalet og handsamast av fylkestinget innan utgangen av 2016. For å unngå dårleg tid med dette viktige arbeidet foreslår sekretariatet å bestille overordna analyse på møtet 24. november. Følgjande framdriftsplan vert føreslege:

- Kontrollutvalet vedtek å bestille overordna analyse av SF revisjon IKS på møte 24. november 2015. Leveringsfrist for analysen vert sett til 30. juni 2016.
- Kontrollutvalet handsamar overordna analyse i løpet av august.
- Kontrollutvalet handsamer Plan for selskapskontroll basert på sak frå sekretariatet i løpet av september 2016.
- Fylkestinget handsamar plan for selskapskontroll oktober 2016.

### **Overordna analyse**

Det er i forskriftera sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Kontrollutvalet handsama i KU-sak 59/14 vurdering av mogelege innsparingstiltak for kontrollutvalet som følgje av den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen. Innsparing ved utarbeiding av den overordna analysen kjem som eit resultat av at SF revisjon gjennomfører analysen innanfor fylkeskommunen sin del av revisionsselskapet sine budsjetterte timer. Analysen vart gjennomført av Deloitte AS ved utarbeiding av planen i 2012.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for selskapskontroll basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for selskapskontroll vert utarbeidd.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å bestille ein overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen no, slik at ein sikrar å få lagt fram ei sak til fylkestinget innan utgangen av 2016 om handsaming av plan for selskapskontroll slik lova krev.